

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Stian Jean Opedal Davies (A) stilte spørsmål om han var inhabil. Davies gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Stian Jean Opedal Davies ikkje var inhabil.

Kjell Gitton Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil. Håland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Kjell Gitton Håland ikkje var inhabil.

Geir Kjell Andersland (V) stilte spørsmål om han var inhabil. Andersland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Geir Kjell Andersland ikkje var inhabil.

Lise-May Sæle (H) stilte spørsmål om ho var inhabil. Sæle gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om ho var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Lise-May Sæle ikkje var inhabil.

Davies, Håland, Andersland og Sæle tiltredde saksbehandlinga.

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Tillegg til punkt 1 (a):

Hovedutval for kultur, idrett og integrering stadfester at ein organisasjon eller eit prosjekt kan ha regional verdi sjølv om organisasjonen eller prosjektet berre omfattar ein kommune. Det er den regionale kulturelle verdien av tiltaket som er avgjerande, i tråd med funksjonskriteriet.

Nytt punkt 5 (b):

Forståinga av omgrepet «regional verdi» må vurderast nærmare i arbeidet med ny plan for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune

Nytt punkt 6 (c):

Hovudutval for kultur, idrett og integrering anerkjenner viktigheita av amatørkulturråd i Vestland fylke, og oppmodar til at fleire kommunar oppretter kommunale eller interkommunale amatørkulturråd. Utvalet ber fylkesdirektøren koma attende til utvalet med ei sak om korleis Vestland fylkeskommune kan stø opprettinga av fleire amatørkulturråd, og bidra til arbeidet til dei amatørkulturråda som allereie finst. Fylkesdirektøren vert beden om å koma med framlegg til praktiske og økonomiske verkemiddel.»

Bjarte Vatnøy (Frp) sette på vegner av Frp, H, Pp, FNB og U fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering endrer på vedtak i sak 156/2020, handsama 25.november 2020. Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy vert tatt til følge. Løyving på 400.000,- blir innvilga

Punkt 3:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering endrer på vedtak i sak 156/2020, handsama 25.november 2020. Klagen frå Øygarden kulturråd vert tatt til følge. Løyving på 400.000,- blir innvilga»

Kurt Johnny Hæggernæs (Pp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Vestland Fylkeskommune stadfester at Askøy og Øygarden er definert og har status som region med Kleppestø og Straume som regionsenter. Askøy Amatørkulturråd og Øygarden Kulturråd er således søkegod og søknader fra disse skal behandles på lik linje som andre regionale søknader.»

Avrøysting

Innstillinger punkt 1 vart vedteken mot 4 røyster (H, Pp og R)

Håland sitt forslag (a) vart samråystes vedteke.

Innstillinger punkt 2 og 3 vart vedteken med 8 røyster (A, MDG, Sp, SV og V) mot 7 røyster (U, FNB, Frp, H, Pp og R) for Vatnøy sitt forslag.

Innstillinger punkt 4 vart samråystes vedteken

Håland sitt forslag (b) og (c) vart samråystes vedteke.

Hæggernæs sitt forslag fekk 3 røyster (FNB, Frp og Pp) og fall.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak. Hovedutval for kultur, idrett og integrering stadfester at ein organisasjon eller eit prosjekt kan ha regional verdi sjølv om organisasjonen eller prosjektet berre omfattar ein kommune. Det er den regionale kulturelle verdien av tiltaket som er avgjerande, i tråd med funksjonskriteriet.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå Øygarden kulturråd vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå UrbanZoo AS vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

5. Forståinga av omgrepene «regional verdi» må vurderast nærmere i arbeidet med ny plan for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune.

6. Hovudutval for kultur, idrett og integrering anerkjenner viktigheten av amatørkulturråd i Vestland fylke, og oppmodar til at fleire kommunar opprettar kommunale eller interkommunale amatørkulturråd. Utvalet ber fylkesdirektøren koma attende til utvalet med ei sak om korleis Vestland fylkeskommune kan stø opprettinga av fleire amatørkulturråd, og bidra til arbeidet til dei amatørkulturråda som allereie finst. Fylkesdirektøren vert beden om å koma med framlegg til praktiske og økonomiske verkemiddel